



Kulturdepartementet
Postboks 8030 DEP
0030 OSLO

Høyrings svar – Forslag til ny arkivlov Landslaget for lokalhistorie

Landslaget for lokalhistorie (LLH) syner til Kulturdepartementets høyringsbrev av 5. oktober 2021 om forslag til ny arkivlov. Høyringsdokumenta har vore på høyring i våre medlemsorganisasjonar, administrasjon og styre.

Landslaget (LLH) har som formål «å arbeide for lokalhistorie og kulturvern. For å nå dette skal LLH organisere samarbeidet med historielag i Norge og være bindeledd mellom disse, myndighetene og de vitenskapelige institusjonene, arbeide aktivt for at massemedia og myndigheter får økt forståelse for kulturarv og historie, ... legge til rette materiale for lokalhistorisk forskning» (relevant utdrag frå vedtektene).

Basert på innspel og vår formålsparagraf/vårt arbeid har styret samanfatta fylgjande høyrings svar:

Landslaget representerer frivillig sektor/lokalhistoriske organisasjonar og mange av desse arbeider med dokumentasjon, innsamling, arkivering, forskning og formidling av privatarkiv som del av sine samlingar og verksemd. Det gjer at laga også samarbeider med fylkesarkiv, interkommunale arkiv (IKA), bibliotek, museum og andre privatarkiv. Samarbeidet med tidlegare Statsarkiv og Riksarkiv har til alle tider vore eit godt og fruktbart samarbeid, der også lokalhistorikarar har bidratt med si kompetanse, og vi har satt god pris på den gode formidlinga av arkiv, historiekunnskap og samhandling vi har møtt.

Aukande fokus på digitalisering frå Arkivverket og Nasjonalbiblioteket har vore strålande og viktig arbeid. Arkiva blir tilgjengelege uavhengig av kvar arkivet eller den som skal granske arkiv er. Men det er skilnad på å gjera arkiva tilgjengeleg og å formidle arkiva. Vi vonar dette blir lagt meir vekt på i lovforslaget.

Det er fleire av laga våre som nemner at arkiv som ikkje har vorte digitaliserte er vanskeleg tilgjengeleg, og at det er mindre lesesalsplassar, vanskelegare opningstider og mindre service frå arkivtilsette, grunna omprioriteringar i arkivverket. Dette meiner LLH er veldig synd, og gjer slike arkiv mindre tilgjengeleg. I dette ligg det ein demokratisk dimensjon og ei utfordring i høve Lov om offentlegheit, kva for arkiv blir prioriterte for digitalisering, og kva for arkiv blir ikkje (og dermed ikkje tilgjengelege) ...? Dette meiner vi lova burde gå meir inn i, eller utarbeide retningsliner for.

Det er på sin plass å minne om at privatarkiv er så mykje meir enn skriftleg materiale, digitalt skapte arkiv, og lyd, film, foto, kart er for oss i vårt arbeid med lokalhistorie/temahistorie viktige arkivkjelder som ein må sjå i samanheng også i høve digitaliseringa med lenker til andre kjelder knytt til arkivet. Dette er ein del av vår felles kulturarv, og femner også om mykje dokument-



asjon og arkiv knytt til immateriell kulturarv. Dette synes vi ikkje er drøfta fyllestgjerande i forslaget, og ser ut til forsatt å falle mellom mange stolar.

Vi gjer merksam om at sjølv om vi er ein NGO (non government organisation) så vil ikkje det seia at vi ikkje har høg forskingskompetanse blant våre medlem eller at lokalhistorie er berre for «amatørar». Våre medlem og historielaga har stor og variert kompetanse innan kulturarv og kjelder, og kan bidra med mykje, og er ivrige arkivbrukarar.

Samarbeidet med Arkivverket etter omorganiseringa har vore litt meir komplisert. Vi ser ikkje at den nye lovforslaget kjem med ei betre rolleavklaring for å sikre betre samarbeid, eller sikre arkiva frå privat sektor betre.

Privatarkiv er berre delvis dekkja av det nye lovforslaget, og departementet legg opp til ikkje å føre vidare ordninga med fylkeskoordinerande institusjonar/ansvarleggjering av fylkeskommunar og kommunar om private arkiv for å sikre desse vern. Det er vidareført ansvar for særskilt verneverdige privatarkiv, som Nasjonalarkivet (tidl. Riksarkivet) kunne hente inn. Dette er vel og bra. Men i dette ligg det inga sikring av privatarkiv elles.

Det er fullt mogeleg å sjå på regionale modellar der profesjonelle institusjonar (som t.d. Opplandsarkivet, snart Innlandsarkivet) har utvikla i samarbeid med Arkivverket, med eit godt fagleg samarbeid og ei god rolleavklaring. Det gjer at privatarkiv blir samla regionalt og er regionalt tilgjengelege for alle brukarar – kopla med god kjennskap til kontekst til arkiva og området.

Vi ynskjer at ein i ny arkivlov tydelegare får fram ein struktur med rolleavklaringar der ansvaret for innsamling, tilgjengeleggjering, forvalting og formidling av private arkiv blir sikra på ein fagleg forsvarleg. Det vil seia ei god og ryddig rolleavklaring og samarbeid mellom regionale/lokale arkivinstitusjonar som har kompetanse innan privat sektor og det nye Nasjonalarkivet.

Våre medlemslag som har store mengder privatarkiv ville lettare finne samarbeidsmodellar regionalt/lokalt med ein slik modell. Samstundes har slike regionale institusjonar stor kompetanse som og er viktig i arbeidet med å forvalte arkiv knytt til det totale kulturarvkonseptet, og alle dei lokale arkiva knytt til materiell og immateriell kulturarv.

I og med at det er skilnad i lova om offentlege og private arkiv, vonar vi at «*Retningslinjer for privatarkiv*» som Riksarkivet utarbeidde og som har vore gjeldande for alle arkiv som arbeider med privatarkiv, blir vidareført og revidert i samband med ny arkivlov.

Ringeby 10. januar 2022

Styret i Landslaget for Lokalhistorie

Torveig Dahl

Ole Henrik Fagerbakk

Birgit Attestog

Sverre Folkestad

Ellen Johanne Lerberg

Gunnar Hojem

Styreleiar

